

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Kulturavdelinga
Sak nr.: 09/5963-13

Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden; jf vedlegg 1, skal vere retningsgjevande for fylkeskommunen sitt engasjement for bevaring og istandsetjing av verneverdige bygningar i verdsarvområdet.
2. Restaureringsplanen skal vere retningsgjevande i samband med fylkeskommunen si fordeling av midlar frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 Verdsarv.

Vedlegg:

1. Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden

Vedlegg som ikkje er prenta

1. Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, beståande av dei to delområda Geirangerfjorden i nord og Nærøyfjorden i sør, vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste 14. juli 2005. Området er innskrive som eit naturområde etter kriterium I og III. I innskrivinga etter kriterium III vert også den kulturelle dimensjonen i landskapet framheva:

«Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området».

Største delen av verdsarvområdet i Nærøyfjorden består av to landskapsvernområde og tre naturreservat. Disse vert forvalta av fylkesmannen og Verneområdestyret for Nærøyfjorden. Sogn og Fjordane fylkeskommune har, som regional kulturminnestyresmakt, eit særskilt ansvar for å sikre god ivaretaking av kulturminna i desse områda. Fleste parten av dei bebygde områda ved fjorden er ikkje omfatta av landskapsvern/naturreservat, men har fått eit vern gjennom plan- og bygningslova. Målsetjinga med forvaltninga av verdsarvområda er at dei skal stå fram som eksempel på beste forvaltningspraksis.

I 2009 la fylkesdirektøren fram ideen om å lage ein restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Ideen fekk tilslutning frå Verdsarvrådet og stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark tok på seg arbeidet med å gjennomføre prosjektet.

Kvart år søker fylkeskommunen Riksantikvaren om midlar til ulike istandsetjingsprosjekt i verdsarvområdet frå statsbudsjettet kap. 1429 post 72.9 Verdsarv. Restaureringsplanen har blitt finansiert med midlar frå denne posten gjennom Hovudutval for kultur si fordeling av midlar med kr. 300 000 i 2010 og kr. 200 000 i 2011.

2. Restaureringsplan; mål, prosess, innhald

Restaureringsplanen ligg no føre i vedlegg 1. Planen er ei oppfølging og konkretisering av Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden, 4.3 Kulturminne og kulturmiljø. Forvaltningsplanen peikar på nokre kulturmiljø og bygningsmiljø som er viktig å ta vare på. Eit at tiltaka i forvaltningsplanen er:

«Utarbeide statusoversikt over kulturminna og kulturmiljø i området, og arbeide for å sikre at eit representativ utval vert teke vare på for framtida».

Då arbeidet med restaureringsplanen starta opp, vart det etablert ei styringsgruppe bestående av Sogn og Fjordane fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Riksantikvaren, Aurland kommune og Nærøyfjorden Verdsarvpark. Då dei fleste verneverdige bygningane i verdsarvområdet ligg i vårt fylke, har Sogn og Fjordane fylkeskommune hatt ei tett oppfølging av arbeidet med restaureringsplanen.

Målet med restaureringsplanen

Styringsgruppa har hatt fleire mål med å utarbeide restaureringsplan for verdsarvområdet i Nærøyfjorden.

- Planen skal gje ei god og oppdatert oversikt over den verneverdige bygningsmassen i området.
- Sikre ei god og planmessig istandsetjing av bygningsarven i verdsarvområdet slik at forvaltninga og ivaretakinga av dei vert eit eksempel på beste praksis.
- Støtte eigarar av verneverdige bygningar i samband med istandsetjing.
- Planen skal bidra til å styrke finansieringa av istandsetjinga av den verneverdige bygningsmassen i verdsarvområdet. Vidare skal planen vere ei støtte til dei enkelte eigarane når dei søker om midlar til istandsetjing frå ulike støtteordningar, til dømes Norsk kulturminnefond, tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 Verdsarv (tidlegare post 72.2 Verdsarv), UNI-stiftelsen og andre.
- Skape lokalt engasjement for bevaring av bygningane i verdsarvområdet.

Prosess

I arbeidet med restaureringsplanen har det vore viktig å involvere dei som bur i området og som eig bygningar der. Arkitekt Jarle Sandvik har gjennom sitt arbeid med registrering av dei verneverdige bygningane hatt tett kontakt med dei enkelte eigarane. I tillegg har det vore tre folkemøter, i Undredal, Bakka og Gudvangen, der arbeidet har vore lagt fram og diskutert. På desse møta har innbyggjarane i tillegg til å få informasjon om arbeidet, også hatt moglegheit til å komme med innspel som har blitt teke med i det vidare i planarbeidet. Planen har vore på høyring, slik at innbyggjarane i verdsarvområdet har hatt høve til å kome med innspel til planutkastet.

Det har vore gjennomført to møter i styringsgruppa. I tillegg har fylkeskommunen hatt ei tett oppfølging av arbeidet med fleire synfaringar. Dert har vore god dialog med Nærøyfjorden verdsarvpark gjennom heile prosessen.

Oppbygginga av og innhaldet i restaureringsplanen

Arkitekt Jarle Sandvik har vore engasjert av Nærøyfjorden Verdsarvpark til arbeidet med restaureringsplanen. Han har dokumentert størsteparten av den verneverdige bygningsmassen. Dette arbeidet har gitt ei oppdatert oversikt over dei fleste verneverdige bygningane i verdsarvområdet.

Planen er oppbygd med ein generell del som omfattar forvaltning og lovverk, vurderingskriterier, generelt om bygningsmiljø, byggeskikk og bygningstypar. Hovuddelen av planen er ei grendevis oversikt over dei verneverdige bygningane og bygningsmiljøa. I denne oversikta er dei fleste

bygningane fotografert og det er gjort ei vurdering og prioritering innan for kvar enkelt grend. Dette for å gjere planen til eit godt og fleksibelt verktøy å arbeide med vidare. Avslutningsvis er det laga ein restaureringsrettleiar. Føremålet med denne er å bidra med kunnskap til dei enkelte eigarane av kulturminne om korleis dei kan gå fram for å setja bygningane i stand på ein antikvarisk god måte.

Ei antikvarisk istandsetjing av verneverdige bygningar kan i mange tilfelle bli kostbart. I planen er det lagt ved ei oversikt over ulike fond som gjev tilskot til istandsetjing av bygningar. Dette for å hjelpe dei enkelte eigarane i å orientere seg om kvar det er mogleg å søkje støtte til istandsetjing. Planen har og eit klart fokus på verdiskaping og bruk av verneverdige bygningar. Når ein bygning vert sett i stand er det viktig at den og vert teken i bruk. Innafor verdsarvområdet er det mange moglegheiter for bruk av dei verneverdige bygningane, både privat og i næringsssamanheng.

3. Vurderingar og konsekvensar

Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden er den første restaureringsplanen som har blitt laga for verdsarvområdet. Planen gjev ei god oversikt over dei fleste verneverdige bygningane innanfor verdsarvområdet og det er gjort ei vurdering av bygningane sin verneverdi. Innanfor dei ulike grendene er det gjort ei prioritering i forhold til kva bygningar som det er viktigast å få sett i stand. Dette vil gjere planen til eit godt verktøy for forvaltninga i arbeidet med å ta vare på og utvikle kulturminna i verdsarvområdet.

Kvart år fordeler fylkeskommunen midlar frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 79 til ulike istandsetjingsprosjekt i fylket. For fylkeskommunen er det viktig at vi nyttar desse midlane på ein god måte og slik sikrar at dei mest verdifulle kulturminna i verdsarvområdet vert tekne vare på og brukt. Restaureringsplanen som no ligg føre, gjev både oversikt og konkrete verdivurderingar av den verneverdige bygningsmassen i verdsarvområdet. Planen vil såleis vere eit nyttig reiskap i fylkeskommunen sitt arbeid med å fordele midlar til istandsetjing av bygningar i området.

Planen skal rullerast kvart 5 år. I samband med rullering av planen vil det bli gjort ein gjennomgang av kva bygg som er ferdig restaurert og det vil bli gjort ei ny vurdering av prioriteringane i planen. Nokre av stølsområda i verdsarvområdet har ein av praktiske årsakar ikkje fått med i denne første utgåva av restaureringsplanen. Desse vi bli tekne med i samband med rullering av planen.

4. Konklusjon

Planen slik den ligg føre, svarar til måla styringsgruppa har sett for arbeidet. Planen vil vere eit nyttig dokument i fylkeskommunen sitt arbeid med fordeling av tilskotsmidlar til bevaring og istandsetjing av den verneverdige bygningsmassen i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Fylkesdirektøren rår difor hovudutvalet til å gjere vedtak i tråd med framlegget ovanfor.